
Fra: Øyvind Hosøy <ohosoy@online.no>
Sendt: mandag 18. mars 2019 19:07
Til: Byggesak Lindås
Kopi: Anne Lise Molvik; Helge Samuelsen; Øystein Nordvik
Emne: Re: Søknad om utsleppsløyve og byggjeløyve for minirenseanlegg - gbnr 11/84
Vedlegg: Gjeld mottatt serviceavtale for Biovac reinseanlegg - gbnr 1184 Hølleland (563004).pdf; Plassering av minirenseanlegg på 1184.pdf; Minirenseanlegg Biovac FD5-MG.pdf; Krav til anleggsrom.pdf; IMG_5846.JPG; IMG_5844.JPG

Til: Tone Furustøl og Anne Lise Molvik

Hei,

Først vil jeg takke for en god oversikt over hva som gjelder av krav til søknadene, henholdsvis for utsleppsløyve og byggjeløyve.

På bakgrunn av vedlagte brev fra kommunen som jeg mottok i dag pr digipost, er det behov for å avklare følgende:

- Ref sak 17/2272: -Bygging av tilbygget, herunder søknad om igangsetting, er foreløpig utsatt, grunnet flere forhold, blant annet at renoveringen av det gamle hovedhuset må renoveres først; dette arbeidet er i gang (se bilde 5846) og må betraktes som en egen sak i den grad deler av renoveringen er søknadspliktig
- Som en del av renoveringen vil det søkes om utsleppsløyve ifm sanering av gammelt anlegg med utslepp av urensset gråvatn som har gått direkte ned i marken mot sjø i over 80 år (og det bærer marken preg av, se bilde 5844)
- Anlegget som vil omsøkes er vist på vedlagte situasjonsplan – foreløpig kun til orientering. Det er prosjektert i samarbeid med Biovac for rensing av både gråvatn og svartvatn, med utslepp via en infiltrasjonsgrøft
- Anlegget og krav til anleggsrom er beskrevet i vedlagte datablad fra Biovac sin katalog. Det kreves ingen slamtømming; eiendommen ligger mer enn 100m fra vei og er utilgjengelig for tunge og brede tømmebiler og kan derfor ikke inngå i den kommunale slamtømmeordningen
- Før det søkes, vil jeg allerede i morgen komme innom dere/kundesenteret for å få avklart/bekreftet hvorvidt det må søkes dispensasjon for dette nye tiltaket (det er ikke mulig å plassere det ovenfor byggegrensen mot sjø)
- Avløpet fra tilbygget kan kobles til det samme renseanlegget, men byggingen av tilbygget er altså satt på vent inntil videre

Håper at jeg treffer en av dere på kundesenteret i morgen formiddag.

Mvh,
Øyvind Hosøy
917 87 004
ohosoy@online.no

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>
Dato: torsdag 14. februar 2019 14:15

Til: Øyvind Hosøy <ohosoy@online.no>

Emne: Søknad om utsleppsløyve og byggjeløyve for minirensanlegg - gbnr 11/84

Hei.


Vi viser til dykkar førespurnad om utsleppsløyve for svartvatn (vatn frå toalett) til fritidsbustad på gbnr 11/84. I sak 17/2272 vart det gjeve rammeløyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustaden på vilkår i vedtak, datert 15.01.2018. Det vart her opplyst at eigedomen har vassforsyning frå privat brønn, hovudhuset har elektrisk toalett og at tilbygget vert planlagt med forbrenningstoalett. Det skal ikkje installerast vassklosett.

I følgje dykk fungerer ikkje løysinga med elektrisk toalett. Det er ønskeleg å installere vassklosett. Det er opplyst at utsleppet skal reinsast i allereie innkjøpt minirensanlegg.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 sin arealdel er definert som fritidsbustad. Eigedomen grenser til særskilt omsynsone friluftsliv i sjø.

Kartutsnitt KPA.



Reinsekrav

Det er utfordringar knytt til resipienten i området. Vi vil anbefale fortsatt avløpsfri løysning for fritidsbustaden. Dersom du vel å søkje, vert det sett krav om at utslepp av svartvatn må reinsast i minireinseanlegg før utsleppet vert ført i tett leidning til sjø/bekk med heliårs vassføring.

Krav til dispensasjon

Då eigedomane ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til fritidsbustad og samstundes har byggegrense mot sjø (grå stipla linje), så må det søkjast om dispensasjon frå både plankravet pkt.1.1 i kommuneplanen og dersom anlegget vert plassert utanfor byggegrense mot sjø så må det søkjast dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Forholdet til plangrunnlaget og byggegrense mot sjø må vera avklart før vi eventuelt kan gje utsleppsløyve.

Krav til søknad med ansvar

Det bes opplyst om det er gjeve utsleppsløyve til gråvatn, slik at det skal søkjast utvida utsleppsløyve, eller om det skal søkjast utsleppsløyve for fritidsbustad for svartvatn. Dersom eigedomen har eit avlaupsanlegg i dag, så krev vi ikkje ny dispensasjon sjølv om det vert søkt om ny/oppgradert avlaupsløysning med ny plassering.

Etablering av avlaupsanlegg for eigedomen krev at det vert søkt om og gitt utsleppsløyve etter forureiningslova kap. 12 og løyve til etablering av anlegget etter plan- og bygningslova (byggjeløyve) kap. 20 med bruk av ansvarleg føretak. Etablering av tiltak i sjø krev løyve etter hamnelova. Det er Bergen og omland havnevesen som handsamar søknader etter hamnelova på vegne av Lindås kommune. Søknadsskjema mm finn du på www.bergenhavn.no.

Du kan sjølv søkja om dispensasjon og utsleppsløyve, medan eit ansvarleg føretak må søkja om å etablere anlegget etter plan- og bygningslova.

Innhaldet i søknadane

Både utsleppssøknaden, dispensasjonssøknaden og søknaden om byggjeløyve må nabovarslast. Når det gjeld søknad om utsleppsløyve er det naboar og andre som kan bli berørt av utsleppet som må varslast. Vi gjer merksam på at nabofristen for utsleppssøknader er 4 veker.

Vedlagt følgjer dispensasjonsrettleiar med skjema som kan nyttast ved innsending av søknad om dispensasjon og søknadsskjema for utsleppsløyve. Søknadsskjema for løyve om tiltak (blankett nr 5174 og 5175) og nabovarslingsskjema (blankett nr 5154, 5155 og 5156) finn du på www.dibk.no under fana for skjema og blankettar.

Det skal føreligge informasjon om utsleppstaden, dvs. om avløpsvatnet går til sjø/bekk med heliårs vassføring mv. Heile plasseringa av avløpsanlegget med tilhøyrande leidningar skal visast på eit kart. Vi har lagt ved kart i målestokk 1:500 og 1:1000 samt kommuneplankart. Ytterligere krav til søknaden gis på Lindås kommune sine nettsider, sjå link <https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/ma-du-sokje/sokje-om-privat-avlopsanlegg-og-utsleppsløyve/> Det er også eit vilkår for utsleppsløyve at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta §12-13 2.ledd. Serviceavtalen vil avklare kva slags moglegheiter det er for tømning for dykkar eigedom slik som tømning frå veg eller båt.

Med helsing

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 50 00
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret
tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 50 00.

Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no